



Alver kommune
Bygg, areal og grønt v/Linn Hagen
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14880 - 20/55028

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
04.09.2020

Løyve til mellombels avkjørsle - parkeringsplass - GBNR 213/2

Tiltak: Mellombels avkjørsle til parkeringsplass ved Eikanger skule
Byggestad: Gbnr 312/2
Tiltakshavar: Alver kommune
Ansvarleg søkjar: Alver kommune Bygg, areal og grønt

Sakutgreiing:

Informasjon om saka:

Alver kommunen ved sektor for prosjekt søker om løyve til oppføreing av midlertidige tiltak for å betre trafikksituasjonen ved Eikanger skule. I mange år har trafikksituasjonen ved skulen vore dårleg i samband med levering av born ved skulen. Føresette som køyrer borna sine til skulen manglar areal til å setje av borna. Parkering av køyretøy og av-/påstidning skaper, til tider, farlege situasjonar for mjuke trafikkantar.

Kommunen ønskjer å etablere ei av-/ påstigningssone på eksisterande parkeringsplass ved skulen. Det vil verte etablert ei einvegskøyrte vendesløyve med droppsone, fortau og HC- parkering med rampe til fortau. Det vil verte etablert ei mellombels parkeringsplass ved kommunalt vegkryss på gbnr 213/2.


Det er planar om å etablere ny skule på Fyllingsnes. Når denne skulen er på plass vil det ikkje lenger være behov for Eikanger skule. Løysinga har derfor eit 5-10 års perspektiv og den skisserte løysinga vil vere ei betydeleg forbetring ved skulen. Løysinga er utarbeida i samråd med tidlegare Lindås kommune. Statens vegvesen (no Vestland fylkeskommune) har stilt seg positive til tiltaket. Fylkeskommunen v/samferdselsavdelinga har gitt trafiksikringsmidlar til tilaket.

Vurdering/drøfting:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning ser behovet for å få på plass ei vedesløyfe med droppsone for av-/påstigning. Ved å etablere ei vendesløyve kan ein unngå at køyretøy rygger og snur i offentleg veg. Ei vendesløyve vil være med på fjerne farlege situasjonar for mjuke trafikkantar. Tiltaket vil betre tryggleiken til elevane som nyttar kommunal veg og fylkesveg som skuleveg.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 13207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00



Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning finn det forsvarleg å gje løyve til etablering av mellombels avlørsløse på gbnr 313/2.

Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til etablering av avkjørsle for einebustad på gbnr 123/93. Løyve vert gitt med heimel i Veglova §§ 40 til 43 med tilhøyrande regelverk:

Løyve vert gitt på følgjande vilkår:

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den, i mest mogleg grad, stettar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav om geometrisk utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeid med avkjørsla ikkje sett i gong innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyve bort, jf. Veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG